

Smartcon As  
 Ytrebygdsvegen 37  
 5251 SØREIDGREND

Referanser:  
 Dykker: 4ca68656-1126-4de4-955e-  
 90147e8048d7  
 Vår: 22/5506 - 22/61054

Saksbehandlar:  
 Linda Hammersvik Folkestad  
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
 12.08.2022

## Svar på søknad om dispensasjon fra avstandskrav mot offentlig ledningsnett - gbnr 445/352 Manger nedre

**Tiltak:** Oppsetting av mur nærmere kommunalt leidningsnett enn 4 meter.  
**Byggjestad:** Langhøyane 37 A/B - GBNR 445/352  
**Tiltakshavar:** Jan-Helge Lavik  
**Ansvarleg søker:** SmartCon AS v/Helge Løset

Saka gjeld søknad om dispensasjon for å sette opp mur nærmere kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Søknad er supplert med teikningar og situasjonskart 19.05.2022 og overført til Samferdsel, veg-, vatn- og avløp 07.07.2022 for handsaming.


### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vasskum for oppsetting av ny støttemur for heving av terrenget. Det er i søknad omlyst om at avstand mellom mur og kommunalt leidningsnett vil være 3,0 meter. I søknad er det også nemnt etablering av basseng på tomta. Denne delen av søknad vil ikkje verte handsama i dette vedtaket, da denne delen av tiltaket krev innsending av røyrleggarmelding. Etablering av basseng medfører ei vesentleg endring av vassforbruk.

### Vurdering/drøfting:

I søknad er det viset at mur skal ha ei minste avstand frå kommunalt leidningsnett på 3,0 meter. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikkje sjå at ei mur med denne avstanden vil få innverknad på drift og vedlikehald kommunalt leidningsnett.



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

**Samandrag/konklusjon:**

Alver kommune finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på vilkår.

**Vedtak:**

Alver kommune gjev, med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 3.4, dispensasjon frå avstandskrav til kommunal vasskum.

**Dispensasjonen vert gitt på vilkår:**

- Minste avstand mellom ytterkant mur og nærmeste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 3,0 meter. Ved denne avstanden har kommunen tilstrekkeleg areal til drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett.
- Støttemur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalt leidningsnett. Mur skal være fundamentert under botn leidningsnett eller være bolta til fast fjell.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalt leidningsnett. Dersom det oppstår skade på mur, som følgje av muren sin plassering i forhold til kommunalt leidningsnett, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur skal sjølv sørge for og påkoste eventuelle skader.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 3.4 at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til tilak som vert etablert nærmere kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Kopi til:**

Jan-Helge Lavik

Langhøyane 37a 5936

Manger

**Mottakarar:**

Smartcon As

Ytrebygdsvegen 5251  
37

SØREIDGREND